



Det byrja med ei ulykke...

Da hans ti år gamle dotter kræsja og blei liggande med gokarten over seg, fekk Frode Steen ideen til ein markør som signaliserar ein faresituasjon. I løpet av tre år har ideen materialisera seg i fleire produkt med eit potensial langt ut over gokartbana i Førde – og Norges grenser. Resultatet er Tracksa – komplette varslingsystem for bilsport og alpinbakkar.

Gjennom åra har det vore mange tragiske ulykker knytt til bil- og motorsport. Særleg har flaggvaktene vore utsett – dei som står langs banane eller på fartsprøver og vinkar flagg for å varsle førarar om velt eller utforkjøringar. Lyssøyler erstattar flaggvaktene. Også i alpinbakkane har det vore dødsulykker i samband med preparering med tråkkemaskiner og snøscooterkjøring. Tracksa-systemet varslar alpinistane om farar gjennom at lyssøyler i alpinportane blir aktivert.

Unike produkt

- Vi har utvikla produkt som det ikke finns maken til i verda. Tracksa er eit komplett system som kan tilpassast alle typer løp og regelverk. Det har vore ein spanande prosess, og vi har hatt mykje moro undervegs fordi vi visste vi jobba med unike produkt. Men det har og vore eit enormt slit, eg tippar vi har lagt ned 12-15.000 timer på å utvikle Tracksa, pluss 4,5 millioner kroner i reine pengar, seier Steen.

Etter ulykka med dottera (det gjekk bra med henne) gjekk den nevenyttige eigaren av einmannsfirmaet Førde Vedlikehaldsservice og bilmekaniker Morten Lundh i gang med å lage den fyrste prototypen av eit varslingsystem – som i utgangspunktet kun var tenkt bruka på gokartbanen i heimbygda. Den bestod av aluminiumskasse med batteri og tråddlaus mottakar, eit standard varslingslys og ein fjernkontroll. Med fjernkontrollen kunne han aktivere det blinkande, oransje lyset når det oppstod faresituasjonar på banen.



Såg potensialet

Banekonsulent Karl Reidar Rolfstad i Norges Bilsportforbund såg Steen si oppfinning, og forstod at det låg eit stort potensiale i å utvikle produktet.

- Han oppfordra meg til å vidareutvikle prototypen, kom med ynskje og stilte krav. Stadig vekk. Det er nok difor Tracksa er blitt eit heilt anna produkt enn det som var tanken i utgangspunktet. Rolfstad har vore ein pådrivar og heilt eineståande i den lange utviklingsprosessen, seier Steen – som etter kvart etablerte selskapet Tracksa A/S.

Då dei bestemte seg for å gå vidare frå prototype-nivået, søkte kompanjongane Steen og Lundh Innovasjon Norge om etablererstipend og fekk 400.000 kroner. Innovasjon Norge sette Steen i kontakt med Norsk Designråd som førde ham til industridesignselskapet Hareide Designmill.

- Det er fantastisk artig å jobbe med Frode og Tracksa-folka. Dei er utruleg engasjerte, og ringer gjerne klokka 23 om kvelden for å luften ein ny idé, seier industridesigner Peter Norberg.

Triangelform

Kort fortalt består bilport-utgåva av lyspostar, handsendarar og eit PC-basert racecontrol-program. Alle lysmarkørane vert styrt trådløst via racecontrollen. Alpinutgåva av Tracksa består av lyssøyler som vert styrt av GPS-sendarar.

- Vi tok utgangspunkt i at vanlege folk skulle forstå hensikten med produktet og at det ikkje skulle utgjere ein fare for nokon der dei står langs banen. Det skulle vere synleg – difor fekk det ambulanse-fargar. Formmessig bruka vi triangelet som er eit varslingsymbol. Samtidig skulle designen vise at Tracksa er eit unikt produkt. Eg trur vi har lykkast, seier Norberg.

- Våre eigne folk har utvikla den elektroniske innmaten i lyssøylene og programma, software og chipper og alt det der, dei har nesten jobba seg i hjel, dei også, seier Steen og sender stor takk til dei som har støtta utviklingsarbeidet desse åra, særleg har Høyanger Næringsutvikling stilt opp.

- Tracksa arbeidar no med å vidareutvikle produktet samtidig som marknadsutvikling og eksport er satt i fokus. I denne fasen har Innovasjon Norge gått inn med 1,5 mill. kroner i tilskot. Tracksa er også ei av sju bedrifter som deltek i prosjektet EXPO Sogn og Fjordane, Innovasjon Norge sin satsing på internasjonalisering.

Godord fra Sverige

- Vi var ferdig med den siste versjonen høsten 2006, og sidan har vi testa på ei rad banar i Norge og Sverige, blant anna under EM i rallycross. Mottakinga har vore svært positiv. Når representantar for det svenske bilsportforbundet seier at dette er eit sjumilssteg for bilsporten, er det klart det varmar, fortel Steen. Svenskane har hatt mange ulykker der funksjonærar er kjørt ned, seinast i sommar.

Tracksa-systemet er nå sett i produksjon; elektronikken vert laga i Bergen, plastdelane i Kina og det heile blir montert i Tracksa-lokala i Vadheim i Høyanger.

- Vi monterte dei første anlegga høsten 2007, 10 er alt selde, sier Frode Steen og reknar med at staben på seks blir utvida når salet kjem skikkelig i gang og monteringskapasiteten må aukast.

Sitat frå Frode Steen, gründer og dagleg leiar i Tracksa:

"Vi har utvikla produkt som det ikkje finns maken til i verda. Tracksa er eit komplett system som kan tilpassast alle typer løp og regelverk."

"Våre eigne folk har utvikla den elektroniske innmaten i lyssøylene og programma, software og chippar og alt det der, dei har nesten jobba seg i hjel, dei også."

Kontaktperson Innovasjon Norge: Steinar Fredheim 57651947/97500724

Link til artikkelen:

www.innovasjon Norge.no/Fylke/Sogn-og-Fjordane/Nyhende/Det-byrja-med-ei-ulykke/